



Økonomi



Sosiale forhold



Miljø





Svanemerket er eit heilskapleg miljømerke, det vil seie at det stillast krav heile vegen frå naturressurs til ferdig produkt. Ikkje berre om energiforbruk eller kjemikalium eller råvaresituasjonen.



FSC er ei merkeordning som stiller krav om at skogsdrifta ikkje fører til avskoging, at hogsten skjer kontrollert, og at han tar omsyn til lokalbefolkinga. Merket finn du på hagemøblar, vindauge, grillkull, papir og trykksaker. FSC-merket er eit råvaremerke.



TCO er ein svensk organisasjon som arbeider for ei berekraftig utvikling innan IT. Merkeordning gjeld datamaskinar, monitorar, hovudtelefonar og liknande. Merket stiller krav til stråling, kjemikalium, energiforbruk, ergonomi og sosial ansvarlegheit.



Økotex er eit kvalitetsmerke som også kallast Trygge Tekstilar. Økotex-merket står på tekstilar som ikkje inneheld allergi- eller kreftframkallande fargestoff. Både råvarer, halvfabrikata og ferdige tekstilprodukt kan merkast med Økotex.



Rainforest Alliance er eit amerikansk miljømerke som arbeider for bevaring av dyreliv og miljø i verdas regnskog. I Noreg kan du finne merket på sjokolade, bananar, kaffi, te og trevirke. Organisasjonen arbeider også for å betre tilhøva for arbeidarane og deira lokalsamfunn. Merket er ikkje økologisk.



Energy star er ei merkeordning som blei starta av dei amerikanske miljøvernmyndighetene, men som er i ferd med å gjere inntog i EU. Merket finst på energieffektivt kontorutstyr, datamaskinar, monitorar, bygningsmateriale og VVS-utstyr.



PEFC står for Programme for the Endorsement of Forest Certification schemes, og er verdas største skogsertifiseringssystem. Dette er ei internasjonal merkeordning for tre- og papirprodukt som skal sikre berekraftig skogbruk. PEFC er ei rein råvaremerking.




Fairtrade er ein internasjonal, ideell organisasjon som sikrar betre arbeidsforhold og handelsvilkår for bønder og arbeidrarar i fattige land. Fairtrade-merket finst på ei stor mengd produkt over heile verda, som mat, drikke, bomull og tekstilar. Merket følgjer som hovudregel ein råvare gjennom heile verdikjeda.



GOTS er ei internasjonal merkeordning for økologiske tekstilar og står for Global Organic Textile Standard. Produkt med dette merket har minimum 70 % økologisk dyrka fiber og tekstilar som oppfyller miljø- og helsekrav gjennom heile produksjons-prosessen.



Debio har mange merke, og desse økologimerka viser at produktet er produsert utan sprøytegifter og kunstgjødsel. Økologimerka dreier seg berre om råvarefasen til produktet, men kan også brukast på ferdige produkt dersom minst 95 prosent av råvarene er økologiske.



Kor mykje straum brukar vaskemaskinen? Det skal du enkelt kunne finne ut av ved å sjekke energimerkinga. Merket seier berre noko om bruksfasen, så du kan ikkje vite kor mykje energi det har kosta å lage sjølve produktet. Energimerkeordninga er obligatorisk for kvitevarer, lyskjelder og bygg som omsettast i EU/EØS-området.



Ecocert er det franske merket for økologisk produksjon. Ecocert set krav til dyrevelferd og at det ikkje brukast kunstgjødsel, syntetiske sprøytemiddel eller tilsetningsstoff.



EPEAT – Electronic Product Environmental Assessment Tool – er ein global miljømerkeordning for forbrukarelektronikk (datamaskinar, skjermar, nettbrett, kopieringsmaskinar, skrivarar, skannarar og TV-ar). Produkta blir rangerte med gull, sølv eller bronse avhengig av kor mange miljøkriterium dei oppfyller (materialval, levetid, omsyn til farlege materiale og kjemikalium, kor enkle dei er å resirkulere, energieffektivitet og emballasje).



Statskontrolleret økologisk er det danske merket for økologisk produksjon. Merket garanterer blant anna at det ikkje brukast kunstgjødsel eller syntetiske sprøytemiddel i produksjonen, og at krav til dyrevelferd er strengare enn i vanleg landbruk. Merket stiller også strenge krav til tilsettingsstoff.



80 Plus er eit sertifiseringsprogram som viser kor energieffektiv straumforsyninga i ein datamaskin er. Eit 80 Plus-merka produkt rangerast frå bronse til titanium alt etter kor effektive dei er over 80 prosent. Ein 80 Plus titanium straumforsyning har ein effektivitet på heile 96 prosent ved ei belastning på 50 prosent av oppgitt kapasitet.



KRAV er det svenske merket for økologisk produksjon, men finst også på ei rekke varer i norske butikkar. KRAV-merket garanterer for at ei vare er økologisk dyrka. Merket set krav til at det ikkje brukast kunstgjødsel eller syntetiske sprøytemiddel i produksjonen. Det blir også sett høye krav om dyrevelferd, sosialt ansvar og klimapåverknad.



EU-Ecolabel (Blomsten) er det offisielle europeiske miljømerket. Produsentane må dokumentere at produkta tilfredsstiller ei rekke strenge helse- og miljøkrav. I Noreg finn du EU sin Ecolabel på blant anna maling, sko, klede og nokre vaskemiddel.



CE-merket er ei europeisk merkeordning og er eit sikkerheitsmerke som alle leiker, byggevarer, elektriske og elektroniske produkt som blir selde i EØS-området må ha. CE-merket er ein deklarasjon på at produsenten garanterer at alle krav som blir sett til produktet er oppfylt. Krava skal sikre at verken menneska sin sikkerheit og helse eller miljøet skal ta skade av produktet